

## Søknad om tilskot til kulturminneplanarbeid i Hordaland -

### Austevoll kommune

Viser til e-post mottatt frå Hordaland fylkeskommune (Utlysing av tilskot i samband med kulturminneplaner i kommunane (KIK) – 2017) 6/2-2017.

Austevoll kommune søker med dette om totalt **kr. 100.000** til arbeid med kulturminneplan i 2017.

- Kr. 50.000 til innlegging av prioritert kulturminne i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.
- Kr. 50.000 til rettleatings- og formidlingsprosjekt knytt til handlingsplan i vedtatt kulturminneplan.

#### Status på kulturminneplanarbeid

Austevoll kommunestyre vedtok i sak 154/16, den 10. november 2016, Kommunedelplan for kulturminne i Austevoll kommune, 2016-2028. Planen skal reviderast kvart 4. år.

I same sak vedtok kommunestyret å øyremerke kr. 100.000 frå dei årlege kommunale kulturmiddla til lag og organisasjonar for aktivitet eller tiltak som kan knyttast opp mot kulturminneplanen.

Øyremerking av kommunale kulturmiddlar er eit verkemiddel for auka fokus på kulturminne i kommunen. Det finst mykje lokalkunnskap og kulturhistorisk kompetanse i lokalsamfunnet, og gjennom stimulansmidlar frå kommunen, kan dei som sit på relevant kunnskap bidra til at Austevoll kommune når sine mål for kulturminneplanen i inneverande planperiode, 2016-2020

Austevoll kommune har i tillegg satt av kr. 100.000 i budsjett for 2017 for arbeid retta mot måla i kulturminneplanen.

Auka samarbeid med frivillig sektor i Austevoll kommune, meir samarbeid på tvers av avdelingar i Austevoll kommune, meir samarbeid mellom kommune og næringsliv, samt samarbeid med fagkyndige ressursar på fylkeskommunalt nivå vert og prioritert for å nå måla i kulturminneplanen.

#### **Mål og tiltak i Austevoll kommune sin kulturminneplan**

Kapittel 6 i Kulturminneplanen slår fast at hovudmålet med kommunedelplan for kulturminne er å styrke kulturminnevernet i Austevoll. Planen legg fram 5 hovudmål og prioriterte område i komande 4-årsperiode, 2016-2020.

1. Auka kunnskapen om kulturminna i kommunen.
2. Sikra dokumentasjon og verdisetjing av dei ulike kulturminnetema i kommunen.

3. Sikra god kommunal forvaltning av kulturminna med verneverdi.
4. Styrkja kulturminna si rolle som ressurs for utvikling av lokalsamfunnet.
5. Fremja arbeidet med å formidla kunnskapen om lokale kulturminne

Planen presentarar og tiltak for å nå desse måla.

Tiltak for å nå mål 1 og 2:

- Registrering, verdisetting og plan for sikring av eit utval av nyare tids kulturminne.
- Registrering, verdisetting og plan for sikring av kyrkjer, "kyrkjegods", kyrkjegardar, gravsteinar og kulturmiljø.
- Registrering, verdisetting og plan for sikring av verneverdig lokal arkitektur.
- Registrering, verdisetting og plan for sikring av verneverdige lokale sjøbruksmiljø.
- Registrering, verdisetting og plan for sikring av verneverdig lokale handels og gjestgjevarstader.
- Registrering, verdisetting og plan for sikring av tidligare skulehus og skulegardar.
- Registrering og skjødselsplan for et utval av fornminne.
- Utarbeida plan for registrering, bevaring og formidling av private samlingar av kulturhistorisk materiale.
- Skaffa oversikt over offentlege og private samlingar/dokument i andre interkommunale regionale og nasjonale arkiv

Tiltak for å nå mål 3:

- Sørgja for ansvarleggjering og oppfølging av kulturminneplanen gjennom etablering av stillingsressurs innan kulturfeltet, om enn delstilling. Gjerne knytt til prosjekt.
- Etablera gode rutinar for lokal sakshandsaming innan kulturminnefeltet.
- Sikra Hufthamartunet gjennom eigen verneplan og bruksplan.
- Kulturminnefagleg oppfølging av eigarar av og handverkarar som jobbar med verneverdige kulturminne.
- Oppretta lokal støtteordning til eigarar av verneverdig kulturminne.
- Plan for bevaring av lause kulturminne/lokalhistorisk materiale i kommunen.

Tiltak for å nå mål 4:

- Oppretta lokal byggeskikkpris.
- Utarbeida ulikt lokalhistorisk pedagogisk materiale til bruk i skulen.
- Oppfølging og utvikling av lokale verdiskapingsprosjekt basert "kulturbasert næringsutvikling".
- Samarbeid med andre (regionalt/nasjonalt/internasjonalt) for å skapa nye kulturminneverdiar lokalt.

Tiltak for å nå mål 5:

- Kartfesta og leggja inn kulturminnedata på [www.askeladden.no](http://www.askeladden.no) og [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)
- Skilting av og tilgjengeleight til kulturminne.
- Innsamling av gamle foto frå Austevoll.
- Igangsetting av intervjuprosjektet "Kvardagsliv i Austevoll før og under krigen".
- Igangsetting av forprosjektet "Nytt historieverk for Austevoll".

## **Skildring av prosjekt:**

Prosjektet vert todelt.

- A) Innlegging av prioritert kulturminne i den nasjonale kulturminnedenbasen Askeladden.**
- B) Rettleatings- og formidlingsprosjekt knytt til handlingsplan i vedtatt kulturminneplan.**

**Prosjekt A** vert primært retta mot mål 1, 2 og 5 i Austevoll kommune sin kulturminneplan. Følgjande arbeid vert prioritert i prosjektet, kor siste punkt har hovudprioritet:

- Registrering av kulturminne som ikkje allerie er registrert i kulturminneplanen.
- Verdisetting av prioriterte kulturminne som ikkje allerie er verdisatt i kulturminneplanen.
- Innlegging av prioritert kulturminne i den nasjonale kulturminnedenbasen Askeladden.

Prosjektet vert gjennomført av ressurs med relevant fagkompetanse, og det vert søkt tett samarbeid mellom kommune, frivillig sektor og/eller fagmiljø.

**Prosjekt B** vert primært retta mot mål 5 i Austevoll kommune sin kulturminneplan, og vert søkt utført i tett samarbeid mellom kommunen, frivillig sektor og relevante fagmiljø. Avhengig av tilgjengeleg kompetanse, tilgjengelege ressursar og finansiering vert eitt eller fleire av tiltaka under prioritert:

- Skilting av- og tilgjengeleghet til kulturminne.
- Innsamling av gamle foto frå Austevoll.
- Igangsetting av intervjuprosjektet "Kvardagsliv i Austevoll før og under krigen".
- Igangsetting av forprosjektet "Nytt historieverk for Austevoll".

Ein app-basert formidlingsløysing for utvalde enkelte kulturminne kan og prioriterast.

## **Framdriftsplan**

Same framdriftsplan gjeld både prosjekt A og B:

- Mars 2017: Kartlegging av tilgjengelege ressursar og tilgjengeleg kompetanse basert på finansiering.
- April 2017: Spissing av prosjekt, med klart definerte tiltak skissert i overnemnde punkt - skildring av prosjektet. Dei skisserte tiltaka er direkte knytt opp mot hovudmåla i Austevoll kommune sin kulturminneplan.
- Mai 2017: Oppstart av prosjekt A og B.
- November 2017: Ferdigstilling av prosjekt A og B.
- Desember 2017: Rapportering.

Samarbeid med andre kommunar, inkl. gjensidig utveksling av 'best practice' vert søkt der det er hensiktsmessig.

## **Finansieringsplan**

Prosjekt A og B vert begge søkt delfinansiert av Hordaland fylkeskommune med kr. 50.000 per prosjekt.

Austevoll kommune vil sjølv bidra med kr. 50.000 per prosjekt, 50 prosent av omsøkt fylkeskommunalt tilskot.

Vennlig hilsen

**John Tveit**  
Kultur- og næringssjef



E-post: [john.tveit@austevoll.kommune.no](mailto:john.tveit@austevoll.kommune.no)  
Mob: 980 28 771

[www.austevoll.kommune.no](http://www.austevoll.kommune.no)  
[www.facebook.com/austevollkommune](http://www.facebook.com/austevollkommune)